

Miljøverndepartementet

Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Høring av NOU 2002:1 Fortid former framtid - utfordringer i en ny kulturminnepolitikk

Høyringsfråsegn frå Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for naturfag og De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum

Innleiing

NOU 2002:1, Fortid former framtid, utfordringar i ein ny kulturminnepolitikk, er sendt ut på høyring. Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF), avdeling for naturfag, saman med Sogn Folkemuseum, vil med dette kome med konkrete innspel på utsegner i utgreiinga, spesielt på kapittel 7 "Museene i kulturminnearbeidet". Høgskulen i Sogn og Fjordane sender separat høyringsfråsegn på kapittel 11 om "Kunnskap, forskning og kunnskapsspreiing".

I utgreiinga er det lagt vekt på at den må bli eit tettare samarbeid mellom den offentlege kulturminneforvaltninga og musea når det gjeld forvaltning av den materielle kulturarven. Utvalets fleirtal konkluderer med ei rad konkrete tiltakspunkt for fremje musea sin funksjon i kulturminnearbeidet.

Konkrete kommentarar til utgreiinga

Me er samde i at musea må få eit auka ansvar og i større grad aktiviserast innanfor kulturminnearbeidet, både innan formidling, dokumentasjon, vern og dels forskning. Dette må utviklast gjennom samarbeid med andre aktørar på kulturminnefeltet. Me vil i denne samanhengen påpeike intensjonar om eit auka samarbeid mellom musea og skulane, både frå grunnskule til høgskule og universitet.

Utgreiinga er i for liten grad konkret når det gjeld kulturlandskap. Kulturlandskapa er også ein del av vår nasjonalformue på line med kulturminna.

Kapittel 9 om styrking av økonomiske verkemiddel inneheld ikkje konkrete tiltak for å fremje musea som kunnskaps- og formidlingssentra.

Kapittel 10 understrekar at kommunane må sikrast tilgang på kompetanse, økonomiske midlar og søkje samarbeid i nettverk med m.a. musea. Musea bør vere sentrale medspelarar for kulturminneforvaltninga i utviklinga av kompetansemiljø. Kostnadssida med dette er ikkje løyst.

Kapittel 11 tek utgangspunkt i at kunnskap er grunnleggjande for framtida til kulturminne og kulturmiljø. I kap. 11.5 er kompetansemiljø for konservering og handverk nemnd spesielt, men her manglar tiltak når

det gjeld kulturlandskap. Skjøtsel og tradisjonelle teknikkar knytte til kulturlandskapet er også ein type handverkskompetanse som bør nemnast i denne samanhengen.

Auka bruk av musea i skulesamanheng er avhengig av at skulane får betre transporttilbod. Me vil såleis støtte utvalet sitt framlegg i kap. 11.2 om at regionale og lokale instansar bør samarbeide om ordningar som kan gjere det lettare for skuleelevar å utnytte tilboda på musea.

Samarbeid mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane og Sogn Folkemuseum

I utgreinga er det konkret nemnt utviklingsarbeidet mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF) og De Heibergske Samlingar-Sogn Folkemuseum (SF).

Dette samarbeidet har som føremål å fokusere meir på kulturlandskaps- og kulturmiljøkvalitetar i museumssamanheng. Ei målsetjing er å gje alle grupper, og spesielt barn og unge, eit meir heilskapeleg natur- og kulturhistorisk museumstilbod enn dei har i dag. Ved å vedlikehalde eit utval av typiske og særskilte kulturlandskap og kulturmiljø i regionen får eit fram forståinga av det nære samspelet mellom naturtilhøve, kulturlandskap og bygningsmiljø.

Gjennom eit toårig prosjekt (finansiert av Norsk Museumsutvikling og Sogn og Fjordane Fylkeskommune) har HSF og DHS-SF samarbeidd om utvikling av naturhistoriske museumstilbod i fylket. Som resultat av prosjektet er det tilsett ein naturhistorikar i permanent stilling som i prosjektperioden og i det vidare skal arbeide for å utvide og dokumentere naturvitskapleg materiale til museumssamlingane og å vere koordinator mellom forskings- og formidlingsmiljø. Koordinatoren er viktig for å formidle fagstoff frå heile høgskulesektoren, ikkje minst på konkrete forskingsdagar eller temadagar.

Samarbeidet mellom høgskule og museum går vidare ut på å:

- 1) Utvikle ein museal forvaltningsmodell for tradisjonelle kulturlandskap og kulturmiljø gjennom å etablere og vidareutvikle ein samarbeidsmodell mellom musea, grunneigarar, fagmiljø og forvaltningsmiljø. Nivå, organisasjonsmønster, drift og økonomi for ein museal nettverksmodell må gjennomdiskuterast.
- 2) Utarbeide framlegg til kategoriar, miljø, område og objekt som har kvalitetar til å inngå i eit kulturlandskapsnettverk, spesielt i samarbeid mellom Sogn Folkemuseum og avdeling for naturfag, Høgskulen i Sogn og Fjordane.
- 3) Utvikle eit system for museal formidling av regionale kulturlandskapskvalitetar i, her spesielt i tilknytning til De Heibergske Samlingar - Sogn Folkemuseum.
- 4) Utvikle idear om eit kompetansesenter for kulturlandskap og drift av dette.

Tilråding

Med dette innspelet vil me synleggjere eit velfundamentert samarbeid mellom museum og høgre utdanningsinstitusjon. Dette samarbeidet kan vidareutviklast og begge institusjonar ser gjerne at det blir tilrettelagt og stimulert til vidare kompetanseoppbygging gjennom oppfygging av tiltakspunkt i denne utgreinga.

Viktig for oss er at eit slikt pågåande samarbeid blir oppmuntra vidare og det blir lagt til rette for eit ledd som kan yte tenester tilrådd av den offentlege kulturminneforvaltningen, t.d. innan handlingsoverført kunnskap, konservering, restaurering av kulturmiljø og skjøtsel av kulturlandskap. Dette må skje i skjeringspunktet mellom forvaltning, formidling og forskning.

Dei Heibergske Samlingar-Sogn Folkemuseum støttar utvalet sitt syn når det gjeld å vidareutvikle museet si rolle i arbeidet med dokumentasjon, vern, forskning og formidling av kulturminne og kulturmiljø. Dette

Vår dato
27.06.02Vår referanse
02/509 - 3932/02

kan late seg gjere dersom musea får auka ressursar, og at det vert knytt nettverk mellom eksisterande kompetansemiljø. Dette arbeidet har DHS-SF og HSF allereie starta (jamfør boks7.2), og me ynskjer å vidareutvikle og styrkje samarbeidet i tråd med dei nye tankane i NOU: 2002:1.

Med helsing



Leif Hauge
-dekanus ANF/HSF-

Aage Engesæter
-direktør DHS-SF-
-sign-